

## Kraftressursar i Eikedalsvassdraget

### Heimel til mandat for Energikommisjonen

- «Potensialet for samfunnsøkonomisk lønsam kraftproduksjon»
- «Kommisjonen skal vurdere de viktigste konflikttemaene i utbygging av ny kraftproduksjon og drøfte om det er tiltak som bedre kan bidra til å ivareta eksterne effekter av utbygging og sikre lokal medvirkning og legitimitet. Verneplan for vassdrag skal legges til grunn for kommisjonens arbeid.»

### Om vassdraget

Eikedalsvassdraget er verna etter «Verneplan III for vassdrag». Som underlag til verneplanen vart det gjennomført ein NOU. I NOUen kan me lese følgjande:

- Vassdraga er prioritert i 4 verneklassar.
- Verneklasse 4 omfattar enkelte vassdrag som allereie er sterkt påverka av inngrep. Verneverdiane i verneklasse 4 blir vurdert til å vere små.
- Styringsruppa for NOUen råda til at vassdrag i verneklasse 4 ikkje vart verna.
- Eikedalsvassdraget vart vurdert til verneklasse 4- altså ikkje anbefalt verna.

I Verneplan III står det at «Dersom det senere viser seg å være prosjekter hvor varig vern vanskelig kan forsvares, kan vernevedtaket endres på vanlig måte av Stortinget»

### Flaumsikring i Loni

Utbygging av kraftanlegg i Eikedalsvassdraget kan ta vekk flom i Loni, eit elvedelta som både har stor kulturhistorisk verdi (mellom anna husmannsplass på 1800-talet) og er eit område som Statsforvaltaren vurderte å gjere om til eit naturreservat for berre få år sidan. Dette området har også Universitetet i Bergen brukt i undervisningssamanheng. Flommen i dette området er kunstig skapt som følge av skaden som vart påført utløpet av området då Statens vegvesen, under bygging av europaveg på 1970-talet, fylde store mengder steinmasser inn i utløpet av elvedeltaet. Grunneigarar fekk aldri erstatning for skada som skjedde. Ei viktig målsetting med utbygging av kraftanlegg i Eikedalsvassdraget er å få dette fantastiske naturområde i størst mogeleg grad tilbake til den naturlege situasjon.



## Meir om naturmangfald

Eikedalsvassdraget ligg plassert midt i Bergensregionens største kraftsentrum – Børdalen. Mesteparten av kraftanlegget vil liggja i fjell og vil såleis vere lite synlege for dei som ferdast i naturen. Eit kraftanlegg treng mest ikkje nye linjer då det kan koplast rett på ei av dei mange linjene som kryssar vassdraget i dag.

Statsforvaltar i Vestland har starta opp eit revitaliseringsprosjekt for villaks i Eikedalsvassdraget. Dersom det vert utbygging, vil ei målsetting vera at eit kraftanlegg skal bygge opp under dette revitaliseringsprosjektet, der mellom anna gunstig meirvassføring på attraktive oppveksområder for laksen kan vere sentrale tiltak. Dette er også i samsvar med revisjon av akvakulturplan i Samnangerfjorden, der ei sentral målsetting er at villaksen skal få gode forhold i si vandring ut mot havet.

Ved å nytte seg av metoden «**Miljødesign**» vil ein generelt kunne oppnå at verknaden for naturmangfaldet blir skånsam.

## Kraftpotensiale

Bergensregionen treng meir kraft. Eit kraftanlegg i Eikedalsvassdraget kan gje 50 MW installert effekt. Dette er like mykje som Noa Krafla treng ved driftsstart.

## Lokal forankring

Kommunestyret i Samnanger vedtok i 2020 å ytra ønskje å oppheva vernet av Eikedalsvassdraget, slik at ein kan nytte kraftressursane som er i dette vassdraget.

Eit kraftanlegg i Eikedalsvassdraget vil i tillegg til inntekter til staten også gje inntekter til Samnanger kommune og til grunneigarar.

## Realisering

Mykje av plan- og analysearbeidet er fullført.

Konsesjonssøknad kan vera klar tidleg i 2023. Eit kraftanlegg i Eikedalsvassdraget kan stå ferdig utbygd samstundes som Noa krafla startar sin produksjon i 2026.

Me håpar at Energikommisjonen sitt arbeid kan bidra til at vernet i Eikedalsvassdraget blir oppheva og såleis at kraftpotensiale som er i dette vassdraget kan komme til samfunnsnytte.

Beste helsing  
Knut Harald Frøland  
Ordførar, Samnanger kommune  
Tlf: 40 63 30 80